



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 23.02.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 30/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 31/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 21/16	<b>Rekneskap for 2015 og låneopptak</b>
PS 32/16	<b>Tildeling av K1 i Engeset/Klepp - gbr 17/131 i Haslevegen</b>
PS 33/16	<b>Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege fellestråd</b>
PS 34/16	<b>Legevakt på Søre Sunnmøre - prosjekt om framtidig organisering</b>
PS 35/16	<b>Valdskoordinator</b>
PS 36/16	<b>Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar</b>
PS 37/16	<b>Orienteringssaker</b>
OS 22/16	<b>Ferjemateriell på sambandet Volda-Folkestad</b>
OS 23/16	<b>Vikeneskaia</b>
PS 38/16	<b>Interimstyre bruselskap - oppnemning av medlemmer</b>
OS 24/16	<b>Trafikksituasjon Gamlevegen</b>
OS 25/16	<b>Skuleskyss Mork-Lid</b>
OS 26/16	<b>Klasserom Mork skule</b>
OS 27/16	<b>Byggetiltak på Rotset</b>
OS 20/16	<b>Kommunereform</b>

## **PS 30/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

### **Innkalling:**

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Sakliste:**

Ordføreren kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Førebels rekneskap og låneopptak
- Interimstyre bruselskap – oppnemning av medlemer
- Kommunereform

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Ferjemateriell på sambandet Volda-Folkestad
- Vikeneskaia

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om å sette trafikksituasjonen i Gamlevegen på saklista.

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Skuleskyss, strekninga Mork-Lid
- Klasserom ved Mork skule
- Byggetiltak på Rotset

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføreren, Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset og Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

## **PS 31/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 09.02.2016, vart samrøystes godkjent.

## **OS 21/16 Rekneskap for 2015 og låneopptak**

Rådmannen orienterte om rekneskap for 2015. Dei førebelse tala viser eit overskot på 27 millionar. Rekneskapet er ikkje revidert, endeleg rekneskapsrapportering vert 15. april.

Økonomisjefen og rådmannen orienterte om nytt låneopptak i samband med bygging av Øyra skule. Det vart drøfta om lånet burde takast opp i verdipapirmarknaden eller i Kommunalbanken.

## **PS 32/16 Tildeling av K1 i Engeset/Klepp - gbr 17/131 i Haslevegen**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet held fast på administrasjonen sitt brev av 06.01.16, der både Tømrer Prosjekt AS og Norhus Ørsta AS vert bedne om å utarbeide prospekt på utbygging av K1 Engeset/Klepp – gbr. 17/131. Volda kommune vil tildele tomte til den som kommunen meiner har det beste prospektet på utbygginga av tomte, som er bratt og krevjande å bygge ut. Frist med å kome med prospekt vert er sett til 30.06.2016.*

*At eine søkjaren søkjer opsjon på tomte, og den andre søkjer om tildeling av tomte, ser kommunen på som likt utgangspunkt.*

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Formannskapet ber om ei byggfagleg vurdering av alternativa når saka kjem attende til politisk handsaming.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.  
Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Formannskapet - 23.02.2016**

*Formannskapet held fast på administrasjonen sitt brev av 06.01.16, der både Tømrer Prosjekt AS og Norhus Ørsta AS vert bedne om å utarbeide prospekt på utbygging av K1 Engeset/Klepp – gbr. 17/131. Volda kommune vil tildele tomte til den som kommunen meiner har det beste prospektet på utbygginga av tomte, som er bratt og krevjande å bygge ut. Frist med å kome med prospekt vert er sett til 30.06.2016.*

*At eine søkjaren søkjer opsjon på tomte, og den andre søkjer om tildeling av tomte, ser kommunen på som likt utgangspunkt.*

*Formannskapet ber om ei byggfagleg vurdering av alternativa når saka kjem attende til politisk handsaming.*

## **PS 33/16 Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege fellelsråd**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Kyrkjeleg fellelsråd.*

*Den praktiske tenesteytinga innanfor samarbeidsavtalen og godkjent budsjett vert regulert i den administrative tenesteytingsavtalen.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret godkjenner revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Kyrkjeleg fellelsråd.*

*Den praktiske tenesteytinga innanfor samarbeidsavtalen og godkjent budsjett vert regulert i den administrative tenesteytingsavtalen.*

## **PS 34/16 Legevakt på Søre Sunnmøre - prosjekt om framtidig organisering**

### **Administrasjonen si tilråding**

*Volda kommunestyre vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.*

*Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.*

*Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe. Volda kommune inviterar ein brukarrepresentant til medlem i referansegruppa for brukarar.*

### **Handsaming:**

## **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.*

*Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.*

*Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe. Volda kommune inviterar ein brukarrepresentant til medlem i referansegruppa for brukarar.*

## **PS 35/16 Valdskoordinator**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at voldskoordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.*

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt framlegg:

*Volda kommune gjenopprettar stillinga som Valdskoordinator i 20%. Stillinga blir i 2016 finansiert av ledige midler i løyvinga til kommunepsykologen. Stillinga skal førast vidare i budsjetthandsaminga for 2017 og økonomiplanen for 2017-2020.*

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Gunnar Strøm som fekk to røyster (Gunnar Strøm og Fride Sortehaug), sju røysta mot.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Formannskapet syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at voldskoordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med komande budsjettkorrigering.*

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

Gunnar Strøm kom med framlegg om at saka skal til vidare handsaming i kommunestyret.

Det vart røysta over framlegget frå Gunnar Strøm om vidare handsaming i kommunestyret. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordføraren trekte framlegget sitt.

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

*Formannskapet syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at voldskoordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med neste budsjettkorrigerings eller komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.*

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget sitt.

### **Røysting:**

Det vart samrøystes vedteke at saka skal til vidare handsaming i kommunestyret. Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at voldskoordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.*

## **PS 36/16 Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar**

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016**

*Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå KrF og debatten*

### **Handsaming:**

Odd Harald Sundal, Volda SP, kom med slikt framlegg:

*Arbeidsgruppa vert organisert med 7 personar som fylgjer:*

*1 frå KrF.....  
1 frå Frp.....  
1 frå Høgre.....  
1 frå SP, Rebecca Bjercknes, leiar i driftsstyret.*

*I frå A, Jørgen Amdam, ordførar  
I frå Venstre, Fride Sortehaug  
I frå SV, Gunnar Strøm*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og det var semje om fem representantar i arbeidsgruppa.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

### **Røysting:**

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 23.02.2016:**

*Saka vert utsett.*

## **PS 37/16 Orienteringssaker**

### **OS 22/16 Ferjemateriell på sambandet Volda-Folkestad**

Odd A. Folkestad orienterte om utfordringar i høve trafikkavvikling ved ferjesambandet Volda-Folkestad. Det er sett inn reserveferje, som ikkje har naudsynt kapasitet til å trafikere strekninga. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

### **OS 23/16 Vikeneskaia**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om bruken av Vikeneskaia og korleis kaia bør forvaltast.

## **PS 38/16 Interimstyre bruselskap - oppnemning av medlemer**

### **Handsaming:**

Ordføraren orienterte om saka og kom med framlegg om at interimstyret bør ha tre representantar, der ordføraren er eit av medlemene.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om seg sjølv som medlem.

Ordføraren kom med framlegg om Martin Brenne som medlem.

Formannskapet drøfta saka.



## **Røysting:**

Framlegget frå ordføraren og Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Formannskapet - 23.02.2016**

*Representantar i interimstyret bruselskap: Jørgen Amdam, Odd A. Folkestad og Martin Brenne.*

### **OS 24/16 Trafikksituasjon Gamlevegen**

Dan Helge Bjørneset viste til uheldige trafikksituasjonar i Gamlevegen. Utfordringa er parkerte bilar langs vegbana, som kan vere til hinder for brøyting og utrykkingskøyretøy.

### **OS 25/16 Skuleskyss Mork-Lid**

Margrete Bjerkvik informerte om for dårleg kapasitet på skuleskyssen på strekninga Mork-Lid. Skuleborn opplev stundom å måtte sitte i trappa i bussen, noko som opplevast som uttrygt for born og foreldre. Oppvekstsjefen arbeider vidare med saka.

### **OS 26/16 Klasserom Mork skule**

Margrete Bjerkvik informerte om fuktproblem ved Mork skule. Born og vaksne opplev å verte sjuke i fuktige periodar.

### **OS 27/16 Byggetiltak på Rotset**

Margrete Bjerkvik viste til byggesak på Rotset. Teikningar for byggetiltaket, samsvarar ikkje med opprinnlege teikningar for prosjektet. Ordføraren orienterte om saka og sa at byggetiltaket er i samsvar med reguleringsføresegnene for området.

### **OS 20/16 Kommunereform**

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 5.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Utkast 19.02.2016 - Intensjonsavtale felles kommune Ørsta og Volda, vart delt ut. Ordføraren orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til vidare forhandlingar med Ørsta kommune.

Det vart samrøystes vedteke å opne møtet, jf. kl. § 31, nr. 5.

Møtet slutt 14:45

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
24.02.2016

Sonja Håvik  
konsulent